



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 50

Telefaks 53 43 70 11

Hordaland Fylkeskommune

16 JUL 2015

Samferdsleavdelinga Hordaland fylkeskommune  
Agnes Mowinckelsgt. 5  
Pb 7900

BERGEN

UGGDAL, 13.07.2015

Saksnr.  
15/477-2

Dok.nr  
4718/15

Arkivkode  
240

Avd/Sek/Saksh  
FSK/FEL/AUKA

Dykkar ref.

### TRYGT HEIM-ORDNINGA - HØYRING

Tysnes kommune har ikkje vore med i Trygt heim – ordninga. Då de no skal sjå på høve for utviding av ordninga til fleire kommunar, ynskjer vi å mælda at vi er svært interesserte i å delta.

Tysnes kommune er ein grisgrendt kommune, med fleire små tettstader. Vi har ikkje vidaregåande skular, men ei god skyssordning for dei elevane som ynskjer/har moglegheit for å pendla.

Eit hovudsatsingsområde er å få ungdomane attende til Tysnes etter at dei er ferdig med utdanninga. Då er det viktig å skapa samlingspunkt, så dei kan treffe vene og ha ein sosial arena, for at dei skal trivst. Eit av satsingsområda er «Tysnesfest», der både kommune og næringsliv er med for å skapa gode opplevingar for innbuarane.

Det er likevel tilbod gjennom året som er viktig, for at ungdomane skal oppleva Tysnes som ein god plass å bu. Vi ser difor at det er tilbod rundt Våge som trekkjer ungdomane i helgane. Og då er skysstilbod i kommunen heilt fråverande. Ungdomane er avhengig av at foreldre eller andre vil køyra dei, dersom dei skal vera saman med andre. Og det er det ikkje alle som har høve til eller ynskjer. Bur du t.d. heilt i utkanten av kommunen, tek det nærmare ein time kvar veg med bringing og henting. Det vert 4 timer på ein kveld! Det seier seg sjølv at dette er både dyrt og krevjande, og ganske umogleg dersom du har mindre born i heimen som treng tilsyn. Skal ungdomane koma seg heim på eigen hand, ser vi at «pirattaxi» og liknande tilbod lett kan bli løysinga. Dette er ikkje den utviklinga vi ynskjer!

Vi ser difor at ungdomane våre har ulike føresetnader for å delta i sosiale samankommer på kveldstid og i helgane.